

Eg har søkt Statens Vegvesen om løyve til utvida bruk av avkøyrsla på Juv (161/1) i Stryn.

Statens Vegvesen har vore på synfaring.
Vegvesenet sitt fokus er kun sjølve avkøyrsla.

Utvik Maskin AS har vore på synfaring.
Entreprenøren er klar på at eg må byggje heilårs gardsveg og har teikna vegløyving.

Stryn kommune har gjeve uttale.
Kommunen har ikkje spesielle krav til gardsvegar (utanfor tettbygd strøk).

Eg har vore gjennom ein grundig prosess og må tenkje heilskapleg og framtidsretta.
Søknad i prioritert rekkefølge:

1.
Statens Vegvesen set ned fartsgrensa til 60 km/t.
Eg får løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslar.

2.
Eg får bruke eksisterande avkøyrslar i byggeperioden.
Eg byggjer heilårs gardsveg alternativ B som vil utgjere 85 - 90 % av trafikken.
Eg får bruke eksisterande avkøyrslar som avlastningsveg som utgjere 10 - 15 % av trafikken.

3.
Statens Vegvesen gjev avslag på søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar.
Bilane til dei nye husa må parkere ved garasjen.
Eg får bruke eksisterande avkøyrslar i byggeperioden.

Alternativ 1 og 3 er rimeleg, men vil ikkje gje "gevinst".

Alternativ 2 er kostar pengar, men vil gje berre fordelar i framtida.
Så godt som all trafikk vil skje på ei riktig utforma avkøyrslar med god sikt i begge retningar.
Vegen vil kunne brukast heile året.
Eksisterande avkøyrslar vil bli brukt i dei tilfeller der det er umuleg å bruke den nye.



Statens vegvesen

Rønnaug Berge Leite
Kjølsdalen
6776 KJØLSDALEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Esben Kirk Hansen -

Vår referanse:
2015/029609-007

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.05.2015


Fv.725 - førehandstilsegn - ny avkøyrsløse - gnr. 161, bnr. 1 - Juv, Stryn kommune

Vi syner til søknaden din dagsett 04.05.2015 og telefonsamtale 20.05.2015 på bakgrunn av tidlegare e-post- og telefonkorrespondanser samt synfaring 23.03.2015. Saka har vore diskutert mange gonger i ulike fora og fyrste søknad om utvida bruk vart trekt tilbake. Det nye løysingsforslaget om ny avkøyrsløse og delvis bruk av eksisterande har òg vore diskutert. Vanlegvis set vi krav om stenging av eksisterande avkøyrsløser, men i denne saka går vi med på eit kompromiss, då vi har skjønt at stenging vil medføre ulempe for dokker. Samstundes må vi sikre oss at den berre vert brukt ved spesielle høve. Difor har vi sett eit vilkår om låsbar bom, jamfør pkt. 9.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til å leggje avkøyrsløse for gardsbruk med to stk. nye bustad under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 725 hp 1 ved km 5700/gnr. 161 bnr. 1 i Stryn kommune.



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Sanderplassen 6
6800 FØRDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi gjer deg merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Tilsegna gjeld berre dersom Stryn kommune kan godkjenne bygg i ikkje-regulert område.

Vi sett følgjande krav:

1. Avkøyrsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve utover naudsynt grunn- og murarbeid før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkøyrslpunkt med friskt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.
2. Avkøyrsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkøyrsl frå offentleg veg, som ligg på lovdato.no
3. Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsl.
4. Friskt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsl skal vere minimum 100 meter til begge sider av køyrebana. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsl må vere minimum 100 meter. Eventuelle planter o.l. i frisktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsl skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisktsonene.
8. Under avkøyrsl må det leggjast dreneringsrøyr med diameter minimum 300 mm og tilhøyrande kummar og køyresterk rist. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsl får eit fall på minimum 1:6.
9. Ved eksisterande avkøyrsl v/km 5855 set vi fylgjande vilkår:
 1. Skilt og postkasse og anne som innbyr til unaudsynleg bruk må fjernast – ev. flyttast til ny avkøyrsl.
 2. Det må setjast opp ein låsbar bom over avkøyrsl, slik at den til vanleg er stengd
10. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til arbeidsvarslingSF@vegvesen.no.

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsl.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan- og forvaltning
Med helsing

Vigdis Lobenz
seksjonsleiar

Esben Kirk Hansen

Kopi: Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Rønnaug Berge Leite
6776 Kjølisdalen
r.leite@online.no
mob. 911 91 575

25.05.2015

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Dykkar ref. 2015/029609-007

Fv. 750 - førehandstilsegn - ny avkøyrslé - gnr. 161, bnr. 1 - Juv, Stryn kommune

Klage på vedtak pkt.

9. Ved eksisterende avkøyrslé v/km 5855 set vi fylgjande vilkår:

2. Det må setjast opp ein låsbar bom over avkøyrslé, slik at den til vanleg er stengd

Saka har vore grundig drøfta for å kome fram til ei totalløysing som både Statens vegvesen og eg kan vere tent med, men tok ei lei vendig heilt i sluttfasen.

Eg snakka med sakshandsamar på telefon 20.05.2015 og vi var samde om å gå for alternativ 2, sjå vedlegg, då begge partar meinte at det var ei fornuftig løysing.

Etter ei kort stund ringde sakshandsamar meg tilbake for å fortelje at Statens vegvesen ville setje vilkår om låsbar bom til bruken av eksisterande avkøyrslé.

Saka har som det er skrive vore drøfta grundig, men låsbar bom har aldri vore nemd eller antyda som eit mogleg vilkår overfor meg slik at eg har fått gjeve mitt syn til kjenne.

Kravet vart sett, slik eg forstod det, av seksjonsleiar Vigdis Lobenz like før vedtaket vart signert.

Eg bad ho om å vere med på synfaringa på Juv fordi eg kjenner tilhøva på staden og er klar over at vi har utfordringar i høve bratt terreng både på gardsvegen og i gardstunet. Ho takka nei til dette og har såleis ikkje den bakgrunn som eg meiner er nødvendig for å kunne ta ei rett/god avgjerd.

Eg bad om å få snakke med henne, men fekk til svar at det var for seint og at eg måtte nytte klageretten.

Dette var svært skuffande på bakgrunn av ein god sakshandsamingsprosess fram til "siste time".

Og dette punktet kan ikkje ha vore, som det står skrive, grundig drøfta i fleire fora.

Låsbar bom i eksisterande avkøyrsla er så godt som ei stenging av avkøyrsla.

Vi bur i Kjølsdalen og er på Juv helgar og feriar.

Nøkkelen til bommen må leverast til dei som er på Juv og vi kan ikkje kontrollere bruken.

Då er vi like tente med alternativ 3 i vedlegget der eksisterande avkøyrsla blir brukt som i dag, men at bilane tilhøyrande dei nye husa må parkere ved garasjen.

Eg reknar ikkje med at det er problem då vi parkerer bilar der i dag.

Statens vegvesen sitt forslag var å gå for ny avkøyrsla ved garasjen (punkt A).

Eg forstår at Statens vegvesen er oppteken av sjølv avkøyrsla - dei første 5 m.

Som eigar kjenner eg tilhøva og må vere oppteken av ei god og sikker totalløysing.

Terrenget er svært bratt og gardstunet er trangt - dette må vi leve med og innrette oss best muleg etter.

Difor kan ikkje denne saka nødvendigvis handsamast likt med alle andre saker.

Trafikkflyten i dag er tilpassa tilhøva ved at bilane køyrer opp aust om låven og ned på vestsida som ei rundkøyring rundt låven.

Det er mest trafikk om sommaren då vi har turistar (sidan 1967) og bærplukkarar i tunet.

Vi har verken hatt personskade eller vesentleg skalde på køyrety fordi vi har laga ein god infrastruktur.

Sakshandsamar køyrde sjølv gardsvegen/gjennom tunet og forstod alvoret i argumentasjonen om ei god totalløysing for å unngå uhell med personskade og skade på køyrety.

Det er slik at gjestane som bur i Gamlestova verken klarer å rygge, køyre rundt låven eller snu og køyre tilbake den nye gardsvegen/avkøyrsla. Dei må nedover eksisterande avkøyrsla. Dei aller fleste gjestar har ikkje bilar med fire-hjulstrekk og bilane er tungt lasta med bagasje slik at rygging og køyring oppoverbakke er problematisk/umuleg.

Det er også slik at gjestane som skal bu i det nye huset i Juvsoyna av same grunn ikkje klarer å køyre oppover i tunet og vidare den nye gardsvegen/avkøyrsla. Dei må både opp og ned eksisterande avkøyrsla.

Utanlandske turistar er ulike, men dei er generelt ikkje vande med å ferdast i bratt terreng verken med bil eller til fots. Mange har eit handicap som gjer at dei må køyre bil til og frå døra. Hjarteproblem er ei vanleg liding og mange er tunge og dårlege til beins.

I denne saka må tryggleik gå framom likskap for paragrafane fordi terrenget er så bratt og tilhøva vanskelege frå naturen si side.


Og at vegstrekninga Utvik - Tistam er så lite traffikert som den er med mest lokaltrafikk.

Eg ber om at både ny sakshandsamar og seksjonsleiar kjem på staden for å sjå på tilhøva for klagen vert handsama.

Den som skal bestemme må prøve å køyre i dei forskjellige situasjonane.

Om ikkje anna råd er, kan eg sjå føre meg at vi set opp ein halvbom på lyktestolpen som ein slags port og at vi får ha bommen ståande open når vi har gjestar i Gamlestova og Juvøyyna/bringebærsesongen og elles etter behov. Dette kan eg makte å ta ansvar for.

Med helsing



Rønnaug Berge Leite

1 vedlegg

Eg har søkt Statens Vegvesen om løyve til utvida bruk av avkøyrsla på Juv (161/1) i Stryn.

Statens Vegvesen har vore på synfaring.
Vegvesenet sitt fokus er kun sjølv avkøyrsla.

Utvik Maskin AS har vore på synfaring.
Entreprenøren er klar på at eg må byggje heilårs gardsveg og har teikna vegløyving.

Stryn kommune har gjeve uttale.
Kommunen har ikkje spesielle krav til gardsvegar (utanfor tettbygd strøk).

Eg har vore gjennom ein grundig prosess og må tenkje heilskapleg og framtidsretta.
Søknad i prioritert rekkefølge:

1.
Statens Vegvesen set ned fartsgrensa til 60 km/t.
Eg får løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla.

2.
Eg får bruke eksisterande avkøyrsla i byggeperioden.
Eg byggjer heilårs gardsveg alternativ B som vil utgjere 85 - 90 % av trafikken.
Eg får bruke eksisterande avkøyrsla som avlastningsveg som utgjere 10 - 15 % av trafikken.

3.
Statens Vegvesen gjev avslag på søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla.
Bilane til dei nye husa må parkere ved garasjen.
Eg får løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla i byggeperioden.

Alternativ 1 og 3 er rimeleg, men vil ikkje gje "gevinst".

Alternativ 2 er kostar pengar, men vil gje berre fordelar i framtida.
Så godt som all trafikk vil skje på ei riktig utforma avkøyrsla med god sikt i begge retningar.
Vegen vil kunne brukast heile året.
Eksisterande avkøyrsla vil bli brukt i dei tilfeller der det er umuleg å bruke den nye.